

Opprykkskamp på søndag.

06.11.2015



Jubel etter den viktige sigeren mot Hausvik.

I går vart klart at protesten på grunnlag av at Øystese 2 hadde brukt ein spelar som ikkje var speleberettiga, vart teken til følgje. Øystese 2 var fråtrekt poeng, og Rosendal rykte dermed opp til andre plass. Dermed skal Rosendal spela kvalifisering til 5. divisjon. Første kamp vert allereie førstkommande søndag, og då bør publikum stilla mannjamnt opp og støtta laget.

Rosendal møter Nordre Holsnøy, og første kampen vert på heimebane på Rosendal stadion. Dette skjer på søndag 8. november kl.13.30. Då gjeld det å gje spelarane skikkeleg publikumsstøtte og håpe på godt utgangspunkt før bortekampen. Rosendalslaget har mange lovande ungdommar, og for deira utvikling vil det vera svært viktig om laget får spela ein divisjon høgare neste sesong. Det er eit solid innslag av Uskedalsspelarar på laget.

Så møt opp! La det verta skikkeleg fotballstemning! Dette er som ein cupfinale! Heia Rosendal!!

Tilbake Rosendal Menn senior A

[Oversikt](#)[Kamper](#)[Tabell](#)[Klubben](#)**6 div. Menn avd 04****Tabell**

Lag	K	V	U	T	Mål	P
1. Eikelandsfjorden	18	13	1	4	78-34	40
2. Rosendal	18	13	1	4	61-25	40
3. Øystese 2	18	14	0	4	86-33	39
4. Trane	18	12	0	6	49-37	36
5. Bergkrystall	18	8	2	8	39-48	26
6. Odda 2	18	7	1	10	51-61	22
7. Tertnes 2	18	6	3	9	45-65	21
8. Hordabø /Radøy/Manger 2	18	6	0	12	44-58	18
9. Hausvik	18	4	1	13	29-55	13
10. Fotlandsvåg	18	2	1	15	20-86	7

Del med andre

Den endelige tabellen etter den vart justert.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ragnvald Myklebust